



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Haldis Håpoldøy, 5557 2256

Vår dato  
14.01.2015

Vår referanse  
2015/597

Kommunar i Hordaland

### **Kap 225 post 64 Tilskot til opplæring av barn og unge som søker opphald i Norge - Justerte retningslinjer for tilskotsordninga, virkningstidspunkt fom. høsten 2014**

Endringa i retningslinjene for tilskotsordninga kan kort oppsummerast slik:

- Grunnskoleopplæring: Tilskotsordninga vert utvida og omfattar no asylsøkjjarar som bur privat og dei som søker familiegjeforening. Endringa vil gjelde frå og med skoleåret 2014/2015.
- Vidaregåande opplæring: Tilskotsordninga vert utvida og omfattar no asylsøkjjarar eller søkjjarar av familiegjeforening, som har fullført grunnskolen eller tilsvarande opplæring, som ikkje har fylt 18 år når skoleårets tek til og som har rett til vidaregåande opplæring etter opplæringslova § 3-14.
- Når det gjeldar saksgang og framlegg om tilsagn/avslag er det vedtatt at tildeling eller avslag på tilskot ikkje er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Eit slikt vedtak kan difor ikkje påklagast, jfr. punkt 8 i retningslinjene.

Fylkesmannen i Hordaland viser til retningslinjer fastsett av Kunnskapsdepartementet 2014 i samsvar med § 8 i Reglement for økonomistyring i staten og tilhøyrande *Bestemmelser om økonomistyring i staten*. Retningslinjene trer i kraft 15. november 2014, og gjeld inntil nye retningslinjer blir fastsett.

Tilskotet vert utbetalt etterskotsvis for skuleåret 2014/2015 - to gonger i året:

- Første utbetaling: Tilskotet for hausthalvåret vert utbetalt i februar/ mars.
- Andre utbetaling: Tilskotet for vårhalvåret vert utbetalt i august/september.

Tilskotet vert utbetalt for hausten med 4 mnd. i følgjande budsjettår og 6 mnd. på våren etter avslutta skuleår.

Tilskotet blir fastsett på bakgrunn av kor mange barn og unge som er i målgruppa den 1. i kvar månad. jf. retningslinjene pkt.3.

- Asylmottak kr. 80 431,- per barn per år eller 8 043,- per barn per mnd. i 10 mnd.
- Omsorgssenter kr. 175 026,- per barn per år eller 17 503,- per barn per mnd. i 10 mnd.
- Privat/mottak barn/ungdom på vidaregåande opplæring per år kr 184 943, - eller kr 18 494 pr mnd. i 10 mnd.

Skjema til Utdanningsdirektoratet skal nyttast ved krav om utbetaling for hausthalvåret 2014 for barn og unge i asylmottak/omsorgssenter/privat. Sjå link. Vi tek atterhald om eventuelle endringar. Det er viktig at søknadene inneheld alle opplysningar, og det er viktig at etterslep ikkje førekjem - jf. retningslinene pkt. 7.2.

<http://www.udir.no/Regelverk/Tilskudd/Alle-tilskuddsordninger/Skoleiere/grunnopplaering-asylmottak/>

**Frist 10.februar**

Med helsing

Anne Hjermann  
utdanningsdirektør

Haldis Håpoldøy  
seniorkonsulent

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*